



ULSTEIN KOMMUNE



# Kommuneplan

Samfunnsdel – Ulstein kommune 2017-2029

ULSTEIN KOMMUNESTYRE, SAK 2017/5


DOK.NR. 2214/2017



ULSTEIN der havn bryr bøne

Ulstein er i vekst, med nye utfordringar og positive endringar for innbyggjarar og nye utfordringar for regionalt næringsliv. Ulsteinsamfunnet si forankring ligg i vår kulturelle tradisjon og identitet, tufta på kjerneverdiane nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

> Vi er ein del av eit større heile	3
> Forord	5
> Innleiing	6
> Ulstein i regionen	8
> Næringsutvikling	10
> Samferdsel	14
> Kultur/Omdøme/Identitet	16
> Befolking og levekår	18
> Opplæring, utdanning og kompetanse	22
> Tettstad- og arealutvikling	24
> Nyskaping og digitalisering	26
> Samfunnstryggleik	28
> Strategiar som legg føringar for arealplanen	30



# Vi er ein del av eit større heile

Ulstein kommune er ikkje ei «øy for seg sjølv» men påverkar og vert påverka av ytre faktorar. Vi er ein del av Sunnmøre, Noreg, Europa og jamvel verda, og må heile tida tilpasse oss naboane våre, regionale og nasjonale føringar og globale trendar. Dette gir oss utfordringar, men også moglegheiter. Vi har ambisjonar om å bidra til eit sterkare Sunnmøre, og det gjer vi best ved å vise vilje til satsing, endring og samarbeid.

Dei sterkeste globale utviklingstrekka i dag er klimakampen, sterkare sentralisering og aukande migrasjon, kombinert med meir proteksjonisme og lukking av grensene. Midt opp i dette skjer det ei rivande utvikling innanfor digitalisering av samfunnet, til nytte for auka produktivitet og deling av informasjon, men samstundes er det utfordrande i forhold til personvern og auka klasseskilje.



*Ulsteinvik sentrum*



*Arena Ulstein - skisse*

Desse trendane må vi ha i tankane når vi skal meisle ut morgondagens strategi for Ulstein-samfunnet. Vi har eit godt utgangspunkt i Ulstein for å lukkast, men det krev at vi jobbar målretta med å styrke vår eigen landsdel sin attraktivitet.

Vi har kanskje landets finaste natur, og eit

næringsliv som tilbyr interessante jobbar som rettar seg mot den internasjonale marknaden. Vi har likevel eit stykke igjen å gå når det gjeld infrastruktur, tilgang på utdanning og andre urbane kvalitetar, men vi er på god veg...

# “På gang”

## VIKEBLADET VESTPOSTEN:

Ole Ottar Høgstavoll

### – Koding er kjempekjekt!

Erfaringane etter berre kort tid med opplæring i koding i grunnskulen i Ulstein er mange og gode. – Koding er kjempekjekt! Mykje kjekkare enn vanleg skule. Men vi lærer mykje også då...



Tobias Skogen og Ingrid Bergseth Ramstad, som går i første klasse ved Hasund skule.

Les heile artikkelen på nett:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/2015/12/20/%E2%80%93-Koding-er-kjempekjekt-11946315.ece>

Ole Ottar Høgstavoll

### Nytt, spanande valfag til hausten

Til neste skuleår blir det eit nytt valfag å velje for elevane ved Ulstein ungdomsskule, programmering. Her blir Ulstein kommune, som satser tungt på teknologilærings, igjen pionerer.



June Muren Ertesvåg (t.v.) og Johanne Helvig programmerar heilautomatisk smultringmaskin

Les meir om 3D-printing og programmering på nett:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/2016/04/24/Nytt-spanande-valfag-til-hausten-12643399.ece>

## Ingvild Aursøy Måseide

### – Det er dette kommunen skal satse på

– Noko sånt skulle ein hatt, utbryt lærar Bente Anita Pilskog etter å ha fått prøve Virtual Reality på Sjøborg. Ulstein har som mål å bli landets fremste kommune på teknologilærering i skule og samfunnsliv. Lærarane samla på Sjøborg for å lære meir om ny teknologi.



Prosjektleiar Audun Hopland demonstrerte og forklarte lærarane om Virtuell Reality. Bente Anita Pilskog var veldig fascinert.

Meir om ”augmented reality” på nett:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/2016/08/21/Det-er-dette-kommunen-skal-satse-p%C3%A5-13213930.ece>

## Ingvild Aursøy Måseide

### Ulstein får 1,5 mill av fylket

Pengane skal gå til «LæringsArena Ulstein - regional næringsarena for teknologi»: - Teknologiskulen - Utdanning av lærarane - Framtidsklasserommet - Nettbasert adaptive læringsystem for flerkulturelle.



Ulstein kommune satsar på teknisk opplæring, teknologiutvikling og digitalisering.

Les meir om dette og samarbeid med næringslivet på nett:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/2016/05/03/Ulstein-f%C3%A5r-15-mill-av-fylket-12685158.ece>

## Joar Ødegård

### Utvidar tilbodet med spelteknologi

Alvehaugen i Ulsteinvik har teke del i eit spelteknologiprojekt med målsetjing om auka fysisk og mental aktivitet. Spelteknologiprojektet er ein del av eit velferdsteknologiprojekt i Midt-Noreg.



”Dette er utruleg positivt og energiskapande for dei eldre ved heimen”, seier Torill Botnen, koordinator for dagplassane ved Alvehaugen.

Les heile artikkelen her:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/article6570795.ece>  
sjå også <https://sykepleien.no/2016/09/dataspill-helsas-skyld>

## Nytt sjumilssteg for pleie- og omsorgstenestene på søre Sunnmøre

Felles plattform for det elektroniske pasientjournalsystemet Gerica og elektronisk meldingsutveksling via Norsk Helsenett er no ferdig. Meir om dette på nett:

[www.ulstein.kommune.no/nyhende/nytt-sjumilssteg-for-pleie-og-omsorgstenestene-pa-sore-sunnmore.30426.aspx](http://www.ulstein.kommune.no/nyhende/nytt-sjumilssteg-for-pleie-og-omsorgstenestene-pa-sore-sunnmore.30426.aspx)

## Meir frå Alvehaugen bu- og rehabiliteringssenter

- Alvehaugen er fullt utbygd med trådlaukt internett.
- Våren 2017 vil Ulstein bli med på felles anbodsrunde på digitale tryggleiksalarmer med betre kontroll og funksjonalitet.
- GPS-sporing med automatisk alarm er både tryggleiksskapande og frigjerande for bebuarar når retningssansen sviktar, medan utforskartrongen og fysikken framleis er til stades.

# 1 Forord

Samfunnssdelen av kommuneplanen er strategiplanen for kommunen, og er saman med økonomiplan, årsbudsjett og arealdelen til kommuneplanen det viktigaste overordna styringsverktøyet kommunen har. Samfunnssdelen skal omhandle visjonar, overordna mål og strategiar for utvikling av lokalsamfunnet, og for dei viktigaste områda kommunen har ansvar for.

Ulstein kommune vedtok sin første samla samfunnssdel av kommuneplanen i 2009. Kommunen har gjennomført mange av dei planlagde tiltaka, og lokalsamfunnet har utvikla seg positivt på mange område basert på planen. Men gårsdagens løysingar vil ikkje gi svar på morgondagens spørsmål. Mellom anna har ny teknologi og digitale løysingar skote fart, og inkludering av alle grupper i lokalsamfunnet må ha fokus. Det er difor på høg tid med ei rullering av planen frå 2009. Vi har i tillegg til nyskaping og digitalisering



*Ulsteinfjella er lett tilgjengelege*

lagt vidare strategiar for tettstadsutvikling, folkehelse og utdanning. Og så vert kapittelet om samfunnstryggleik i denne planen ein del av grunnlaget for arbeidet med kommunens risiko- og sårbaheitsanalyse.

Innleiingsvis i planarbeidet vart det halde folkemøte i alle krinsar der mellom anna samfunnssdelen var tema. Vi har gjennomført planverkstader og møte der ungdom, næringsliv, frivillige organisasjonar og offentlege mynde har teke del, og vi har halde

ideverkstad om inkludering. Prosjektgruppa håper at planframlegget dannar eit godt grunnlag for diskusjon og meiningsutveksling om kommunens satsingsområde og prioriteringar i åra som kjem, og at vedteken plan vert eit godt overordna styringsverktøy i planperioden.

Prosjektgruppa (sign.)

## 2 Innleiing

Ulstein kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen er frå 2009. Den er vedteken rullert saman med arealdelen av kommuneplanen. Arbeidet med rulling av samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen starta parallelt. Samfunnsdelen vert vedteken før arealdelen vert utarbeidd. Planprogrammet for rullinga vart vedteke 15.09.2015 og temaoverskriftene i planen er ein konsekvens av diskusjonar i planprogrammet.

Vår langsiktige strategi skal ha ei brei samfunnsmesig tilnærming som klargjer politikarane sine mål og visjonar for utvikling av kommunen og lokalsamfunnet. Det betyr at tema i strategien går utover kommunen som organisasjon og kommunal tenesteyting. Sentrale problemstillingar i samfunnsdelen er næringsutvikling, digitalisering, samferdsel, utvikling i befolkning og levekår, og folkehelse. Strategien har ein tidshorisont på 12 år med planperiode frå 2017 til 2029, og skal reviderast i kvar kommunestyreperiode.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ei langsiktig planlegging med brei tilnærming og med mål og visjonar for utvikling av kommunen og lokalsamfunnet. Sentrale område er formulert som kapitteloverskrifter i denne planen. Planen trekker opp mål og strategiar som grunnlag for konkrete tiltak som vert utvikla i andre prosessar og delplanar. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal lege fôringar for anna planlegging. Prioritering av konkrete tiltak skjer årleg gjennom økonomiplanen der det vert avsett midlar til gjennomføring.

Kommuneplanlegging er ein balansegang mellom dei store overordna spørsmål om generasjonsperspektiv, livskvalitet og samfunnsutvikling, men også om dei konkrete utfordringane som gjer at vi er komne litt lenger i rett retning i morgen enn det vi var i dag. Kommuneplanlegging handlar også om samarbeid og engasjement. Samarbeid skaper retning og eigarskap. Samarbeid gjer også at vi i fellesskap kan løyse større oppgåver, og samarbeid gir ofte betre løysingar enn om vi skal halde på kvar for oss.

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke oppstarta i K-sak 15/25. Ulstein formannskap utvida med ein representant frå SV var styringsgruppe, og planforum var prosjektgruppe. Planforum er samansett av rådmannen si leiargruppe, to frå planavdelinga ved teknisk etat og folkehelsekoordinator. Barn og unge sin representant i plansaker var med i deler av arbeidet.

Den same organiseringa gjeld også for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Undervegs vart det gjennomført folkemøte i alle krinsane. Tema på desse møta var kommuneplanarbeidet med overordna samfunns- og areadel og kommunereforma. Møta hadde svært god oppslutning. Vidare har Civitas AS leia ein prosess om sentrumsutvikling. I denne prosessen vart det gjennomført ein framtidssverkstad som mellom anna omfatta ein eigen workshop for ei klasse frå Ulstein ungdomsskule og eit planseminar med brei deltaking frå næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, administrasjon og politisk miljø. Om lag 50 personar var med på planleggingsdagen. Det vart gjennomført eigne møte med representantar frå handel og næringsliv. Dokumentasjon frå møta og Civitas AS sin sluttrapport ligg tilgjengeleg på kommunen si nettside. Det er også gjennomført eit arbeidsmøte med brei deltaking for å få fram innspel og synspunkt omkring det fleirkulturelle Ulstein. Innspela er delvis innarbeidd i dette plandokumentet.

Planen vart lagt ut til offentleg ettersyn sommaren 2016. Innkomne merknader er vurdert og innspel som er vurdert å vere viktige å få med i plandokumentet, er innarbeidd i teksten. Det er laga eiga liste over innkomne merknader og innspel med kommentar frå prosjektgruppa. Planen er lagt fram for kommunestyret og vedteken i sak 17/5. Det var vedteke felles planprogram

for samfunns- og arealdelen og første del av prosessen er køyrt parallelt. Arealdelen vert utarbeidd og handsama som eiga sak.

## 2.1. Visjon/verdigrunnlag

Ulstein kommune har slutta seg til *Fredrikstaderklæringa om bærekraft og Lokal agenda 21* og vil arbeide for ei berekraftig utvikling. Ulsteinsamfunnet og den maritime klynga som Ulsteinsamfunnet er ein viktig del av har vakse fram i eit fruktbart skjeringspunkt mellom samarbeid, konkurranse, nyskaping og vilje til å satse.

Visjonen frå førre kommuneplan har slik ordlyd:

*Ulsteinsamfunnet støttar innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.*

Visjonen vart vedteken i 2009, og det er behov for å gjennomføre ein ny visjonsprosess med oppstart i 2018 for å ha den klar til ny samfunnsdel av kommuneplanen i neste valperiode.

### *Ulstein - der baug bryt båre*

- Ulstein har sine røter, identitet og historie i det maritime miljøet frå starten med fiske og fangst til eit næringsliv med internasjonal spisskompetanse i den maritime klynga
- Ulstein har også si framtid i verdiskapinga frå havromet
- kommunen og lokalsamfunnet viser gjennomføringskraft

- næringslivet og kommunen vil vere i tet i utviklinga innanfor sine område og har vilje og evne til saman å velje retning og skape utvikling for lokalsamfunnet
- vi utforskar nye farvatn gjennom vår satsing på digitalisering og teknologiutvikling
- verdigrunnlaget vårt gir oss retning og innhald i kvardagen

I ei tid med stadige endringar og nye utfordringar vil vi synleggjere langsiktig positiv utvikling forankra i vår kulturelle tradisjon og identitet. Dette kjem til uttrykk gjennom våre kjernerverdier

- Nyskaping
- Omsorg
- Rausheit
- Mangfald

Desse NORM-verdiane er ei berande plattform for vår overordna strategi. Det å legge desse verdiane til grunn er utfordrande, men klarer vi å leve opp til dei og utvikle lokalsamfunnet kring desse verdiane er gevinsten for lokalsamfunnet stor.

Folkehelse er nært knytt til samfunnsutvikling. Målet er å utvikle samfunnet vårt for å gi auka livskvalitet for alle. God helse er eit mål i seg sjølv, samt samfunnet sin viktigaste ressurs for å nå øvrige mål. 90 % av moglegheita til å påverke folkehelsa ligg i tilhøve utanfor helsetenesta. Dette betyr at alle sektorar i kommunen har

ei felles ansvar for å tenke helse i alt vi gjer. I tillegg kjem frivillige, næringslivet og innbyggjarane sjølv. Gjennom folkehelselova har kommunen eit ansvar for å tilrettelege for at folk skal kunne oppleve trivsel og meistring. Folkehelsearbeidet er den totale innsatsen til kommunen for å fremje helsa, og samtlege kapittel i denne planen inneholder mål og strategiar som er helsefremjande og sjukdomsførebyggande.

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12. juni 2015 nedfelt «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging». Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, og er heimla i plan- og bygningslova § 6-1. Regjeringa har tre hovudstrategiar dei peikar på som nødvendige for kommunar og regionar å følgje opp:

- Gode og effektive planprosesser
- Berekraftig areal og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

Regionale planar som legg viktige føringar for arbeidet:

- Fylkesplan for More og Romsdal 2017-2020 (under rulling)
- Regional delplan for attraktive byar og tettstadar (juni 2015)
- Regional delplan for kulturminne (juni 2015)
- Klima og energiplanen (juni 2015)

Materiale frå prosessane med kommuneplanens samfunnsdel:

<https://www.ulstein.kommune.no/nyhende/arbeid-med-kommuneplanen-2016-2036.30235.aspx>

# 3 Ulstein i regionen

## 3.1 MÅL

**Ulstein kommune skal vere ein pådrivar for positiv samfunns- og næringsutvikling på Sunnmøre og arbeide aktivt for auka regionalt samarbeid. Sunnmøre skal vere mellom landets leiande regionar, med tiltrekkskraft på kunnskapsintensiv og konkurransedyktig arbeidsliv. Regionen skal vidareutvikle sosiale og kulturelle tilbod som gir mangfald og gode opplevelingar.**

**Ulsteinvik skal vere eit sterkt regionalt senter på Søre Sunnmøre, med attraktive buområde og møtestader i ein kompakt og tenleg bykjerne. Handel, kultur, framveksande næringar og busetnad veks saman og gir eit tydelegare bypreg i planperioden. Sentrum og krinsane spelar kvarandre gode.**

## 3.2 STRATEGI

Sunnmøre løftar seg ved å særleg utvikle

- funksjonelle bymiljø og tettstader i regionen som kompletterer kvarandre, og med jugendbyen Ålesund som regionalt lokomotiv og europeisk merkevare
- ein framtidsfokusert kompetanseindustri, også med nye sterke næringar
- Sunnmøre som boltrepplass for den kreative og digitale økonomi
- samstemt satsing på effektive kommunikasjonar og vegnett
- sjukehus- og høgskuler tilbod i Volda og Ålesund i samsvar med regionen sine behov

Ulstein kommune vil særleg satse på

- eit variert, attraktivt og konkurransedyktig handelssenter
- eit kulturtilbod med både lokalt og nasjonalt fokus
- næringar som også styrker tettstaden, spesielt med vekt på verdiskaping i handel, service og framveksande næringar, med plassering i sentrum så sant praktisk mogleg
- Ulsteinvik er eit senter for den maritime klynga i regionen og det må arbeidast for at dette senteret kan utviklast slik at det styrker kommunen og regionen
- samarbeid med nabokommunar og Ålesund for å styrke regionen, og delta aktivt i regionale samarbeidsorgan med prioritert på tydeleg samfunnsutvikling
- etablere ein ”ny kommune” med sikte på effektivisering, digitalisering, eit revitalisert lokal demokrati og sterke familjø
- samarbeide tett med næringsliv og frivillig sektor om aktivitet og kulturtilbod

## 3.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Sunnmøre har i dag godt over halvparten av innbyggjarane i Møre og Romsdal fylke, og folkeveksten på Sunnmøre er på nivå med landsgjennomsnittet. Heile 2/3 av folkeveksten siste ti åra er fra utlandet, hovudsakleg frå Aust-Europa, og det er ei same periode hovudsakleg negativ innanlands flytting til regionen. Det er klar kjønnsbalanse og ein fallande tendens på fødselstal. Ulstein har siste ti åra hatt folkevekst langt over fylkessnittet, men hovudtrekka er dei same som for Sunnmøre: Tilflyttinga er driven av sysselsettingsvekst og tilført arbeidskraft kjem i stor grad frå utlandet. Enkelte år har halvparten av alle fødde i kommunen hatt eine eller begge foreldra frå utlandet.


Ulsteinvik er eit naturlege senter for søre Sunnmøre ut frå vekst, plassering og arbeidsplassdekning. Ulstein har utvikla eit meir kompakt og fortsett sentrum over fleire år og med dette styrka attraktiviteten som vertskap for eit sterkt næringsliv, men også for buande og besøkande. Dette arbeidet bør halde fram med mål om å skape byrom for aktivitet både i arbeid og fritid. Eit sterkt og attraktivt sentrum kan støtte seg på bukvalitetar og tilbod i krinsane rundt Ulsteinvik, og kommunen vil såleis stette ulike behov i ulike livsfasar.

Visjonen om eit framtidig Sunnmøre på offensiven kjem ikkje av seg sjølv. Sunnmöringane må oppstre og arbeide meir samla, meir målretta og meir effektivt, mellom anna fordi vi er ein konkurransesett region som i stor grad opererer i globale marknader. Dei største byane i landet, og særleg Oslo-området, har enorm tiltrekkskraft på unge med høg kompetanse og skaper aukande regional ubalanse. Sunnmøre og Ulstein må ta mål av seg å snu ein del av denne flyttestraumen, både av omsyn til behovet for spesialisert kompetanse i regionen, og for å sikre ei sunn samfunnsutvikling over tid.

Deler av strategiane for Ulstein i dette kapittelet finn ein også i kapittel 4 om næringsutvikling og i kapittel 9 om tettstad- og arealutvikling.

*Prosentvis endring i sysselsettinga 2014 - 2015*

Kjelde SSB



# 4 Næringsutvikling


## 4.1 MÅL


Kommunen skal vere ein attraktiv og aktiv verts-kommune for eit breitt næringsliv og for spydspissar innan havbasert verdiskaping. Ulstein kommune vil bidra til å utvikle mangfold og breidde i arbeidslivet, og skape synergiar gjennom utvikling på eit geografisk tett område i sentrum. Kommunen skal også arbeide for at regionen vert føretrekt ved etablering.

## 4.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- utvikle infrastruktur og areal for nyetablering og vidareutvikling av næringslivet i kommunen
- halde ein open og aktiv dialog med næringslivet, og vere ein konstruktiv og kompetent samarbeidspartner i høve næringsutvikling
- vidareutvikle samarbeidet mellom arbeidsliv, skule og høgskule/akademia.
- legge til rette for gründerverksemder og innovasjon innanfor
  - havromet og bioøkonomi
  - kreative næringar og digitalisering
  - helse- og velferdsteknologi
  - konseptet Smart Society
- arbeide for å få fleire statlege arbeidsplassar til kommunen og regionen
- legge til rette for mangfold og inkludering i arbeidslivet
- styrke Ulsteinvik sin posisjon som regionalt sentrum
- etablere forpliktande samarbeid om utvikling av handel og næring i Ulsteinvik sentrum og lage ein områdeplan for vidare utvikling av sentrum





# 4 Næringsutvikling

## 4.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Ulstein kommune har hatt ei svært positiv utvikling av arbeidsplassar i mange år. Det er viktig at kommunen, saman med næringslivet, arbeider aktivt for at denne utviklinga skal halde fram og at næringane har tilgang til nødvendig areal. Dette har med vekstkraft, verdiskaping og identitet å gjere, men også med oppfatning av lokalsamfunnet. Kommunen må være ein aktiv aktør og innovatør på sine område og utvikle og delta i prosjekt som framtidsskulen og marine grunnkart. Det at vi ser utvikling og har tru på framtida gir andre rammer for lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling enn stagnasjon og nedgang. Vi trur på næringslivet si evne til omstilling og utvikling, og at det same potensialet ligg i lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen.

Kommunen ynskjer å bidra til utvikling ved å søke fylkeskommunen om regionale utviklingsmidlar for å etablere ein nyskapingspark, som lågterskeltilbod for gründerar i kommunen.

Ulstein kommune er ein geografisk tett kommune med små avstandar. Denne fordelen må vi utnytte i drift og utvikling av kommunen. Det må vere eit klart fokus på fortetting og konsentrasjon i sentrum. Arealutnytting er ein viktig nøkkel. Med lite areal er det også viktig å få auka fleksibilitet og reduserte investeringskostnader ved å legge til rette for ulik bruk av same areal på ulike tidspunkt.

Utvikling av handels- og servicenæringane har skjedd kontinuerleg over fleire år. Utviklinga her ønskjer vi skal halde fram. Der er eit samspele mellom utvikling i handelsnæringane og utvikling i sentrum. Med ferdigstilling av Arena Ulstein i 2017 og utvikling

av kultur- og idrettstilbod, må vi i samarbeid med private aktørar og frivillige styrke grunnlaget for handel i kommunen og auke attraktiviteten for eigne innbyggjarar og tilreisande.

I samarbeid med andre aktørar må kommunen aktivt utnytte potensialet i anlegg som Ulsteinhallen, Høddvoll og Arena Ulstein for å utvikle "opplevelingsbasert handel", messer, festivalar eller andre arrangement og møtestader som kan skape aktivitet og folkeliv.

Ulstein kommune og nærområda har naturgitte føresetnadnar for turisme. Hav, fjordar og strender er som skapt for rekreasjon, aktivitet og fiske. Familievenlege fjellområde med gamle turstiar og nye turvegar gir tilgang til rekreasjonsområde, fiskevatn og utsiktspunkt gjennom heile året. Eit spørsmål som bør drøftast er om vi skal, og eventuelt korleis vi kan legge til rette for auka turisme.

Ei utfordring som kan takast inn i arbeidet med neste KIF-plan, er tilhøva kring Osnessanden og etablering av eit sanitæranlegg knytt til badestranda, jf. økonomiplanvedtaket i kommunestyret 15.12.16 der det for 2018 vart sett av midlar til sanitæranlegg.

Etablering av eit nytt bibliotek i Arena Ulstein gir oss rom for å tenke nytt og framtdsretta omkring utvikling av biblioteket som møteplass, som læringsarena og som springbrett inn i ei ny tid med digitalisering.

I Ulstein kommune har vi, i motsetning til andre kommunar i området, ikkje eit fungerande næringslag eller samarbeid innanfor

handel. Vi trur det bremsar utviklinga av Ulsteinvik som handelsenter. Vi har ledige næringsareal i sentrum og ledige areal i begge kjøpesentra. Spørsmåla rundt korleis "Ulstein-modellen" skal utførast for å skape ønska utvikling i sentrum er mange. Det er behov for å etablere eit breitt og forpliktande samarbeid om næringsutvikling i sentrum for å skape nyetablering og auke attraktiviteten. Skal vi halde fram å fortette sentrum med ein kombinasjon eigedomar med næringsareal og bustader må behovet for næringsareal auke. Det er kanskje her neste utfordring for samskaping mellom kommunen og næringslivet ligg?

Det er eit klart mål å utvikle sentrum i Ulsteinvik gjennom fortetting med bustader og næringslokale slik at vi får ein småby med eit tett sentrum der handel, næringsutvikling og bustadbygging gjensidig styrker kvarandre innanfor eit avgrensa område.

Det skal utarbeidast ein områdeplan for Ulsteinvik sentrum og etablerast tydelege avklaringar i kommuneplanen sin arealdel om i kva område ulike typar næringsverksemder kan etablerast. I handelsanalysen for Møre og Romsdal fylke<sup>1</sup> er det lagt til grunn ein folkevekst på 2400 personar i Ulstein fram til 2030, og det er vist eit behov for auka areal til daglegvarer på 8000 m<sup>2</sup>, utvalsvarer på 7000 m<sup>2</sup> og plasskrevjande på 4000 m<sup>2</sup> basert på dagens tilbod og konkurranseforhold. Vi legg dette til grunn i vidare planlegging.

I "Innspill til en ny retning for Norge - Drømmeløftet 2016" av Innovasjon Norge er industrispesifikk meirverdi i 2030 mot 2010 vist i ein figur. Når denne planen vert ført i pennen er vi inne i ein


Framlegg til sonevis inndeling av Ulsteinvik sentrum - Civitas AS 2016

situasjon med lav oljepris og relativt høg arbeidsløyse i vår kommune. Vi har tru på at næringslivet i vår region har omstillingsevne og kan vere med å konkurrere på nye område. Med mykje unytta areal innanfor verftsområda, ledig areal i Saunesmarka og eit betydeleg potensial for fortetting i sentrum, ligg dei fysiske tilhøva for vidare vekst og utvikling godt til rette. Kommunen må ha god dialog med næringslivet og vere open for innspel. Havromet og kystmiljøet vil gi grunnlag for nye inntektskjelder i form av produksjon, utviklingsprosjekt og sal av opplevelingar.


Kulturminne er ofte med og understrekar naturlandskapet og syner spennet i utviklinga og framveksten av det moderne Norge. Dette må vi gjøre oss nytte av.

I kommuneøkonominiproposisjonen for 2016 vart avklaring på spørsmålet om tilbakeføring av skatt frå verksemder utsett eitt år. Dersom vi legg til grunn at denne endringa vert gjennomført er endringar i talet på arbeidsplassar utanom offentleg sektor i ein kommune med på å avgjere kommunen si inntekt. Ulstein har her ei positiv utvikling, jf. figur om sysselsetting side 10, og vi arbeider aktivt for at dette skal halde fram. Det er også viktig at breidda i tilbodet på arbeidsplassar vert utvikla. Nøkkelen her er attraktivitet. Kva er det som gjer at det er attraktivt for ei verksemd å etablere seg i Ulsteinvik i staden for i regionen eller landet elles? Konkret må kommunane ta dette opp i dialog med næringslivet, og så får vi arbeide vidare ut frå signala vi får og meisle ut ein strategi for byutvikling.

<sup>1</sup>utarbeidd august 2014 av Asplan Viak for Møre og Romsdal fylke



Oversikt over industrispesifikk meirverdi 2010 og 2030 (milliardar USD), OECD 2016



# 5 Samferdsel

## 5.1 MÅL

**Ulstein kommune skal arbeide aktivt for realisering av gode og framtidsretta kommunikasjonsløysingar mot Ålesund, og for andre samferdselstiltak som er viktig for kommunen og regionen.**

**Det skal leggast til rette for brukartilpassa, miljøvenlege og trafiksikre kommunikasjonsløysingar i kommunen.**

## 5.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal arbeide for

- utbygging av gang-, sykkel- og turvegar og tilrettelegging for ferdsel utan bruk av bil
- styrking av flyplassane, med betre frekvens og kopling mot kollektivtrafikk
- at kommunen vert ein aktiv deltakar for fremjing av bruk av ny teknologi innanfor alle delar av samferdselssektoren som til dømes å etablere prøveprosjekt med førarlaus buss
- realisering av fastlandssamband mot Ålesund og støtte arbeidet for realisering av andre viktige samferdselsprosjekt, til dømes av Møre-aksen/ Kystvegen, Rovdefjordbrua og Stad skipstunnel
- å gjennomføre prioriterte tiltak i trafikktryggingsplanen
- gode og brukarvenlege kollektivtilbod
- at ekspressbuss må bli eit reelt alternativ for brukarar på Ytre Søre Sunnmøre, om nødvendig ved omlegging av rutetraseen

## 5.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Koplingar mot høgskolemiljøa og sjukehusa i Ålesund og Volda, og ikkje minst arbeidspendligning i regionen og tilknyting til flyplassar, gjer at vi må ha godt utbygde offentlege kommunikasjonar.

Dette gjeld først og fremst hurtigbåtsambandet Hareid/Ålesund/ Valderøy der koordinering mot flyavgangar med god frekvens må ha fokus. Vidare er bussamband i begge retningar frå Ulsteinvik til Hareid og frå Ulsteinvik til Ørsta/Volda/Fosnavåg/Vanylven viktig. Betra busskorrespondanse til Ørsta/Volda lufthamn, og i alle fall oppretthaldning av frekvensane på rutetilbodet ved flyplassen må til.

Arbeidspendlarar og skuleelevar som reiser over Hareid/Sulesund har i dag eit lite utbygd busstilbod til/frå Sulesund. Det er også viktig å få til effektive ruter som gjer at passasjerane slepp omvegar. Knutepunkt for busskifte ved Garneskryset stod ferdig i august 2014. Her vert bussrutene for Ørsta/Volda, Hareid, Årvik og Fosnavåg knytte saman, og det er godt høve for "park and ride". Ytre Søre Sunnmøre har ei utfordring når det gjeld kopling til ekspressbussrutene i fylket. Her må det finnast ei betre løysing. Kvivsvegen opna i 2012 og i juni 2014 var Eiksundsambandet nedbetalt, ni år tidlegare enn prognosane la til grunn. Dette knyter Ulstein og Søre Sunnmøre tettare til Nordfjordregionen. Reisetida til og frå Stryn og Austlandet har blitt redusert, og trafikken til og frå Ulstein aukar mellom anna som følgje av dette.

Gode kommunikasjonar er ein føresetnad for framtidig utvikling av lokalsamfunnet og regionen. For små løyingar til utbygging og vedlikehald av riksvegar og fylkesvegar bremsar utviklinga i lokalsamfunnet, og ansvaret for statleg eller fylkeskommunal utbygging vert i mange tilfelle velta over på private utbyggjarar eller kommunen. Dette er ein situasjon som ein kjenner igjen frå mange lokalsamfunn i vekst og utvikling, og det må arbeidast langsiktig og målbevisst for auka løyingar til samferdsle.

Det vart ei "aha-oppleving" for mange av oss kva Eiksundsambandet gjorde for kvardagen vår. Kartet har endra seg, og det å bruke tunnelen er ei stor lette i høve til ferje. Regjeringa valde i 2014 Hafast som trasé for ferjefri E-39. Om traséen over Hareidlandet fysisk berører Ulstein kommune er førebels ikkje avklart. Kanskje vil eksisterande fv. 61 og fv. 653 måtte brukast som E39-trasé i alle fall for ein periode, noko som vil verte ei utfordring med tanke på både kryss, kurvatur og standard elles.

Å arbeide for fastlandstilknyting mot Ålesund er ei prioritert oppgåve. Det same gjeld det langsigkige arbeidet for etablering av Møre-aksen og Kystvegen. Rovdefjordbrua som er ein del av Kystvegen, er eit viktig samband for Ulstein. Fjordkryssinga vil binde saman den maritime klynga på Sunnmøre med dei ytre delane av Sogn og Fjordane. Stad skipstunnel er også eit viktig samferdselsprosjekt som kan opne nye perspektiv framover. Dersom det vert etablert hurtigbåt frå Bergen til Ålesund som følge av tunnelen eller der kjem i stand ei hurtigbåtrute frå nordsida av Stadlandet før tunnelen er etablert, må Ulsteinvik vere stoppestad.


I Ulstein kommune er der fiskerihamner på Flø og i Ulsteinvik sentrum eigd av staten og forvalta av Kystverket. Hamna på Flø bør vidareforstå som fiskerihamn sjølv om innseglingsstilhøva er därlege, medan hamna i Ulsteinvik kan avviklast som fiskerihamn under føresetnad av at fiskeriaka likevel består og vert reservert aktive fiskrar også i framtida. Dermed vil noko areal på Nedre Saunes kunne omdisponerast til andre føremål.

Ulstein er ein kommune der det topografisk ligg godt til rette for å ta seg fram utan bruk av bil. Her er korte avstandar mellom befolk-

ningskonsentrasjonane og sentrale målpunkt, og her er relativt flatt. Den siste nasjonale reisevaneundersøkinga viser at det sidan 2009 har vore ein svak nedgang i andelen personar som gjennomførte ei heil reise til fots; berre 52 % av alle reiser i nærmiljøet (radius 2 km) skjer til fots.

Også sykling gir ein helse- og miljøgevinst. Utbygging og vedlikehald av sykkelvegar og tilrettelegging for sykling i sentrum kan betre trivsel, helse og miljø. Utvikling av parkar og grøntområde kan gjøre det meir attraktivt å gå. Med ferdigstilling av Sjøgata har tilkomsten for gåande og syklende blitt betra. Det er opparbeidd breie og oversiktlege fortau og fleire kryssingspunkt som gjer at ein kjem seg raskare og tryggare fram. I 2013 vart det etablert gang- og sykkelveg over Hareidseidet, og i 2015 vart denne forlenga til nye Holsekerdalen slik at vi no har gang- og sykkelveg frå Ulsteinvik sentrum til Hareid. Arbeidet for å sikre trygge tilkomstar for gåande og syklande må halde fram. Behova er omfattande, og i trafikktryggingsplanen vedteken av kommunestyret i april 2016, vart tiltaka gang- og sykkelveg frå krysset ved Hasund skule til Kleven Verft, gang- og sykkelveg frå Halsneset til Skeide, fortau i Bakkegata og trafikktryggingstiltak i og kring Skuleområdet i Ulsteinvik sentrum prioritert. I prosessen om trafikktryggingsplan kom det på nyt opp utfordringar knytt til ein del vegkryss på fylkesvegnettet. I samarbeid med fylkeskommunen/vegvesenet må Hasundkrysset, krysset i Saunesmarka og krysset med Glopene på Saunes forbetraast.

For Bakkeyruta som kører samlevegane Holsekerdalen og Øvrevegen bør det vurderast anna materiell som er meir eigna enn noverande store bussar, til dømes ein mindre buss som lett kan ta med barnevogn. Tilbodet burde gjerast meir kjent, haldeplassstruk-



turen burde ha vore gjennomgått, og frekvensen betre og lettare å forstå. Kan vi etablere sirkelrute med høgare frekvens? Så snart teknologien for førarlaus buss er tilgjengeleg, bør prøveprosjekt setjast i verk for til dømes Bakkeyruta.

For busstilbodet i krinsane, særskilt frå Flø og rundt Dimna bør frekvensen betrast. Det bør også arbeidast for å betre stoppestadane med leskur og busslommer.

# 6 Kultur/Omdøme/Identitet

## 6.1 MÅL

I Ulstein skal vi saman utvikle eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig samfunn der identitet, trivsel, samhald og verdiskaping står sterkt.

Ulstein skal legge til rette for eit variert og kvalitativt kultertilbod som gir innbyggjarane moglegheit for deltaking og oppleveling gjennom heile livsløpet.

## 6.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- vere ein aktiv pådrivar og aktør for vidare utvikling av kultertilboden i kommunen, med særleg fokus på kulturarrangement for ungdom.
- syte for at utviklinga av kultertilboden skjer gjennom samarbeid med frivillige, med lokale organisasjonar og næringsliv, med tanke på oppleveligar, aktivitet, inkludering og førebygging
- aktivt arbeide for å engasjere innbyggjarar, og spesielt barn og unge, i planprosessar som vedkjem denne gruppa
- ha kultur og idrett som satsingsområde for integrerings- og inkluderingsarbeid for alle grupper i kommunen
- arbeide for at vår kulturarv vert ivaretaken og nytt til å skape oppleveligar for innbyggjarar og tilreisande
- arbeide for at avdeling for inkludering og mangfald (IMU) vert utvikla med målsetting om eit inkluderande lokalsamfunn og gode møtestader for alle
- skape møteplassar der folk ønskjer å vere og oppleve

## 6.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Kultur har ein eigenverdi og gir høve til deltaking, oppleveling og utvikling av eigen kreativitet. Kultur er særleg viktig for omdøme, rekruttering og tilbakeflytting. Kultur er eit verkemiddel for å bygge positiv identitet hos barn og unge, slik at dei kan ha eit ønske om å kome tilbake til kommunen etter gjennomført utdanning. Tilrettelegging for kultur er også viktig i eit folkehelseperspektiv, då deltaking i kulturaktivitetar er ei god kjelde til meistring og sosial tilknyting.

Kommunen har siste åra satsa aktivt på tilrettelegging for kulturlivet. Kommunen er sjølv ein sentral aktør gjennom mellom anna drift av Sjøborg kulturhus og kino, Ulstein kulturskule, ungdomsklubben Bell, Ulstein bibliotek, Ulstein Frivilligsentral, Ulsteinhallen og bygging av anlegg for friluftsliv, nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg.

Ungdom og unge vaksne gir i undersøkingar klart uttrykk for at tilrettelegging av sosiale og kulturelle møtestader betyr mykje for val av stad å etablere seg.

Arena Ulstein med nytt bibliotek, klatrehall, idrettshall og symjeanlegg vil ytterlegare styrke og utvide kultertilboden i kommunen, samt vere ein stad der folk møtest og samlast om gode oppleveligar.

Vi har eit aktivt lokalsamfunn med mange sosiale og kulturelle møtestader. Vi har kafear og restaurantar, galleri, fleire attraktive festivalar som Smak av Ulstein, Go With the Flø, Trebaatfestivalen, og vi har samlingshus og kyrkja.

Kultur er også røter, forankring og historie. Alle spora i landskapet fortel korleis vi har nytt ressursane lokalt, og korleis vi har levd og forma oss som menneske. Dette er sentralt i danninga av eigen identitet. Kulturarven frå fjern og nær fortid skal takast i vare og gjerast tilgjengeleg slik at den skaper identitet og oppleveligar for eigne innbyggjarar og for tilreisande. Ein kulturminneplan for Ulstein er under utarbeiding. Vi får då samla og systematisert materialet som er knytt opp mot Ulstein sitt mangfald av kulturminne. Planen vil peike på og prioritere kulturminne og vi får ei betre forvaltning av kulturminna våre.

Fjell og fjøre ligg der som ein fantastisk naturressurs i kommunen. Dei fleste områda kan nyttast utan tilrettelegging, medan enkelte friluftsområde er tilrettelagt for auka bruk og lettare tilgjenge. Kommunen har siste åra satsa på utbygging av fleire turstiar og rekreasjonsområde, som til dømes tursti i Fløstrand, turvegane på Gamleeidet, til Lisjevatnet og i Bugardsmyrane. Dette arbeidet må videreførast, med tanke på både friluftsliv og i eit folkehelseperspektiv.

Identitet og fellesskap er gode byggsteinar i lokalsamfunnet. Musikkorpsa, kora og KFUM/KFUK er blant dei eldste kulturberarane i Ulstein. Desse har gjennom fleire generasjonar bygd identitet og fellesskap. Slike miljø må ha rammer for vekst og utvikling.


Idrett er ein sentral berar av identitet i Ulstein. IL Hødd med både toppidrett og breiddedidrett er kanskje det fremste symbolet på dette. Siste åra har også Dimna IL vakse som klubb og skapt eit sterkt friidrettsmiljø, og nyare idrettar som judo og taekwondo har veksande oppslutning. Flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg er alle tre viktige målsettingar i idrettssamanhang lokalt.

## *Innvandrarbefolkninga i Møre og Romsdal per 1. januar 2015*

Fritidsaktivitetar vil vere viktige arenaer for integrerings- og inkluderingsarbeid i lokalsamfunnet vårt i åra som kjem. Her møtest barn, ungdom og voksne på tvers av religion og etnisitet til felles samhandling og utfordringar. Målet må vere naturleg deltaking for alle, - inkludering utan markering.

Det å ha innverknad på sin eigen situasjon og det å få vere med, skaper positive koplingar til lokalsamfunnet, som igjen betyr mykje når ein seinare vurderer kvar ein skal etablere seg. Samstundes er den store gruppa av barn og unge ei utfordring fordi dei utgjer kvar fjerde innbyggjar i dette samfunnet, og har krav på at deira stemme vert høyrd. Utover det er det i vår alle si interesse å la dei komme til orde og få vere med fordi dei tilfører samfunnet ein kvalitet som vi elles ville gått glipp av. Eit aktivt ungdomsråd er difor viktig i eit demokratisk perspektiv, samstundes som det gir identitet og forankring.

Ulstein er blant dei kommunane i landet som har høgast innslag av innvandrarar i befolkninga. Innvandrarane må bli synleggjort som ein ressurs i samfunnet, og det må byggast kompetanse, struktur og tiltak som sikrar eit godt, systematisk og langsiktig integreringsarbeid i kommunen. Arbeidet med inkludering og integrering må gjerast gjennom nært samarbeid mellom kommunen, næringslivet og frivillige. Det vil vere aktuelt å opprette fleire arenaer for integrerings- og inkluderingsarbeid, som til dømes eit integreringsråd og eit tilflyttarteam. Kommunen skal ta ei aktiv rolle i arbeidet med integrering og inkludering, med utgangspunkt i verkstaden om “det store vi” - eit arbeid som skal halde fram.



Kjelde: SSB

# 7 Befolknings og levekår

## 7.1 MÅL

**Alle, uansett alder, skal ha høve til å få oppleve deltaking, identitet, meinings og tryggleik gjennom tilhørssle, sosial støtte og sosialt nettverk. Barn og unge skal ha eit sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gir dei høve til å oppleve meistring og utvikle sine evner og interesser.**

**Ulstein kommune skal legge til rette for langsiktig folkevekst. Det er ei målsetting å skape høg livskvalitet for innbyggjarane, og arbeid med førebygging gjennom planlegging og tiltak vert prioritert.**

## 7.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- utvikle ein strategi for styrka innbyggardialog og demokratiutvikling
- bruke resultat til å utvikle systematisk dialog med innbyggjarane
- nytte digitalisering og teknologiutvikling aktivt i kommunisasjonen, men også i tenestene med sikte på større meistring og livskvalitet for innbyggjarane
- la samordning av tenester og brukarfokus stå sentralt i kommunen sin tenestestrategi
- ha nært samarbeid/samhandling med regionale og statlege institusjonar og kompetansemiljø

- ha eit særleg fokus på barn i forskulealder og skulealder og deira familiær med sikte på tidleg oppdaging av vanskår
- legge til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får høve til å bu lengst mogleg i eigen heim, eller i ein tilpassa bustad
- bidra til tidleg oppdaging av demens med tilrettelegging av individuelt retta tiltak til den demente og dei pårørande
- legge folkehelseperspektivet og universell utforming til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak
- ha ei aktiv rolle i arbeidet med å tilrettelegge bustader for grupper som ikkje åleine vil makte å skaffe seg ein eigna bustad
- legge til rette for auke i folketalet på minst 1,5 % årleg i snitt i planperioden
- i planperioden rullere ein levekårsplan med detaljerte tiltak som støttar dei overordna strategiane i denne planen

## 7.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Ulstein kommune hadde ca 6500 innbyggjarar i 2000. I 2016 passerte vi 8500 innbyggjarar. I SSB si framskriving av folkevekst fra 2016 og framover (middel alternativ) aukar folketalet med 22,4 % fram til 2030. Dette inneber store planutfordringar for kommunen. Framskriving av folketalet viser at vi i planperioden står overfor store endringar i alderssamsetninga i befolkninga. Aldersgruppa 67-79 er forventa å auke frå 763 i 2016 til 1021 i 2030 og til 1409 i 2040. Aldersgruppa 80+ forventast å auke frå 238 i 2016 til 456 i 2030 og 569 i 2040. Vi forventar også at talet på innbyggjarar over 90 år vil verte om lag tredobla frå slik situasjon var i

2016 og til 2040. Det er i denne gruppa vi vil finne den største andelen av menneske med store omsorgsbehov, mellom anna ei aukande gruppe av demente. Samstundes ser vi at auken av innbyggjarar opp til 19 år er moderat i planperioden fram til 2025 og deretter aukande.

Tabellen på side 19 viser fordeling av folkevekst mellom utanlandsk tilflytting og norsk tilflytting. Tala er basert på framskriving av folketalet frå 2014, og er dermed litt ulike.


Det som kanskje er det viktigaste særtrekket for Ulstein kommune, er den store auken i kor mange prosent av innbyggjarane som er rekna som innvandrarar, frå vel 6 % i 2006 til nesten 17 % i 2015. I tillegg er det kanskje så mange som tusen fleire med utanlandsk opphav som oppheld seg i kommunen. Kjønnsbalansen er også påverka av arbeidsinnvandringa. Dette gir utfordringar knytt til sosial integrering, behov for auka fokus på smitterisiko, økonomi og deltaking i arbeidslivet.

Nær halvparten av alle nordmenn vert ramma av ei psykisk lidning i løpet av livet. Angst, depresjonar og rusrelatert sjukdom er dei tre vanlegaste gruppene. Psykiske plager er også svært vanleg blant barn og unge. Muskel- og skeletplager og psykiske lidningar heng ofte tett saman. Dette er også utfordringar som er vanlege i Ulstein kommune. I folkehelseoversikta, som vart utarbeidd i 2014, står det meir om utfordringar kring levekår og folkehelse i kommunen.

Framskriva folkemengd i 1516 Ulstein pr. 1. januar, etter region, alder, tid og statistikkvariabel

Aldersgruppe	2016	2019	2022	2025	2028	2031	2034	2037	2040
0 år	102	97	105	111	115	117	117	116	115
1-5 år	504	524	544	585	609	628	637	642	639
6-12 år	834	817	829	812	842	888	924	949	967
13-15 år	382	393	350	381	359	366	384	403	418
16-19 år	477	526	542	500	503	495	495	518	545
20-44 år	2801	2915	3051	3169	3261	3336	3361	3361	3370
45-66 år	2272	2436	2528	2646	2762	2868	2985	3042	3093
67-79 år	763	846	929	985	1031	1070	1131	1269	1409
80-89 år	238	254	285	331	398	456	502	536	569
90 år og eldre	57	69	69	73	78	91	108	135	159

Folketal, 2005 - 2035



Ulsteinhallen. 4-nasjonars turnering i handball – Ulstein Cup 2016

## 7 Befolknings og levekår

Dialog er ei viktig kjelde til informasjon om tenestetilbod og innbyggjarane sine behov og ønske. Kommunen utnyttar ikkje dette på ein systematisk måte utover arbeidet med spørjeundersøkingar. Gjennom deltaking skaffar vi kunnskap slik at vårt endringsarbeid får retning og kraft. Dette er også nyskaping, der vi ikkje berre jaktar "beste praksis", men like gjerne "neste praksis" - som kan bli ny, nytig og nyttiggjort i arbeidet.

Det må utarbeidast ein strategi for korleis kommunen systematisk skal utvikle dialogen med innbyggjarane på nye måtar. Frå politisk side er det peika på behovet for å styrke og utvikle demokratidimensjonen, og det er naturleg at dette vert ein del av det same strategiarbeidet.

Frå sentrale myndigheter si side har kommunane vorte oppfordra til å utvikle ei aktiv omsorg. Det handlar om å sette fokus på brukarane sine behov for samkvem med andre, og deltaking i til dømes kulturelle opplevelingar. Det vert lagt vekt på at dette er eit tiltak som kan førebygge sosial isolasjon, passivitet og einsemd. Innsatsen på dette området har hatt like høg prioritet som dei tradisjonelle pleiemessige tiltaka.

Kvardagsrehabilitering handlar om planmessig og systematisk arbeid der den enkel brukar sine ressursar vert støtta og utvikla framfor å tilby kompenserande og passiviserande tiltak. Dette vert ein grunnstein i kommunen sitt tilbod også framover.

I folkehelsearbeidet står kommunen overfor samansette utfordringar. Avgjerder som har innverknad på folkehelsa vert teke innanfor alle samfunnssektorar. Lov om folkehelsearbeid tek føre seg fem prinsipp; medverknad, berekraft, helse i alt vi gjer, føre var og utjamning av sosial ulikskap i helse. Med eit langsigktig, systematisk og målretta arbeid ønskjer kommunen å bidra til å nå nasjonale målsettingar som "fleire leveår med god helse", "reduserte helseskilnader i befolkninga" og "tilgjenge for alle".

Tilgjenge for alle er mellom anna knytt opp mot universell utforming. Universell utforming betyr at menneske - uansett alder og funksjonsevne, på ein likeverdig måte skal kunne bruke dei same bygde omgjevnadene. Med eit langsigktig, systematisk og målretta arbeid ønskjer kommunen å bidra til å nå nasjonale målsettingar som "fleire leveår med god helse", "reduserte helseskilnader i befolkninga" og "tilgjenge for alle".

Tilgjenge for alle handlar ikkje berre om fysisk utforming, men også om korleis vi forheld oss til kvarandre som medmenneske. I eit historisk perspektiv har generell velferdsutvikling hatt større betydning for folkehelsa enn helse- og omsorgssektoren. Det å skape gode oppvekst- og levekårvilkår er difor det viktigaste vi kan gjere for å få ei god folkehelse. Samstundes må vi også ha gode tenester for dei som treng det.

Helse- og omsorgstenestene yter tenester til alle aldersgrupper gjennom fastlegar, legevakt, fysioterapeutar, helsestasjon, skulehelseteneste, frisklivssentralen, tenesta for psykisk helse og rus, heimebasert omsorg og sjukeheim. Samhandlingsreforma utfordrar kommunane til å ha meir fokus på førebygging og rehabilitering. I tillegg har kommunen teke over fleire oppgåver som tidlegare var i spesialisthelsetenesta. Det vert lagt vekt på at alle som vert innlagt på sjukehus, til dømes for operasjon, skal utskrivast snarast råd og få nødvendig oppfølgjande behandling i kommunen. Om mogleg, skal denne hjelpa verte gitt i heimen. Dersom det er nødvendig med meir oppfølgjing enn det ein kan få til i heimetenestene, kan vedkomande verte innlagt på sjukeheimen.

*Camilla Frøystad Torvholm og Emilie Grønmyr  
på ridetur mot Hasundhornet*



# 8 Opplæring, utdanning og kompetanse

## 8.1 MÅL

**Innbyggjarane skal ha tilgang på og tilegne seg ny kunnskap gjennom framtidsretta opplæring, utdanning og yrkeskompetanse som er tilpassa skiftande behov.**

**Kommunen skal vere ein spydspiss i bruk av ny teknologi innanfor opplæring, kompetanseheving og produksjon.**

## 8.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- vere ein attraktiv kommune for kompetent og utviklingsretta arbeidskraft
- utvikle kultur for livslang læring, høg bevisstheit om behov for oppdatert kompetanse og kultur for utprøving og fornying gjennom bruk av ny teknologi og varierte opplæringsformer
- sikre høg kvalitet i barnehage og grunnskule og vere norgesleidende på teknologisk opplæring i grunnskulen
- knyte Teknologiskulen både mot barnehagealder og vidaregåande opplæring
- utvikle kompetansen for å kunne handtere høg endringstakt
- arbeide for å auke breidda i det vidaregåande skulettilbodet i kommunen og regionen
- samhandle med høgskolemiljøa i Volda, Ålesund og Molde om å tilpasse utdanninga til skiftande behov
- ha fokus på og prioritering av etter- og vidareutdanning i kommunen
- arbeide frå tidleg i barneskulen for «tidleg meistring» slik at vi

får redusert fråfallet av elevar i den vidaregåande skulen

- auke statusen til fagarbeidaren slik at fleire elevar i vidaregåande skular vel denne utdanningsretninga
- drive prosjektretta interkommunalt samarbeid på regionnivå og samarbeid med næringslivet

## 8.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING


Høg kompetanse i befolkninga vert vurdert som ein føresetnad for å oppnå positiv utvikling av lokalsamfunnet. Ulstein har ei befolkning med relativt høgt utdanningsnivå i vårt fylke, og vi må rekruttere og halde på slik arbeidskraft for framtida for at kommunen og regionen skal kunne utvikle seg vidare.

Barnehage og skule er å sjå på som første del av eit opplærings- og utdanningsløp, og det er kommunane som har ansvar for innhald og drift av god kvalitet. Gode lærings- og arbeidsmiljø er viktige faktorar for å oppnå trivsel, utvikling og læring. Dette skal ha særleg fokus i arbeidet med barn og unge. Barnehage-sektoren har siste åra gått frå å vere ein liten sektor i samfunnet til å vere ein stor sektor. Det å ha plass i barnehage er no ei teneste alle barn over 1 år har rett på, og som svært mange nyttar seg av. Den store veksten i denne sektoren gir særleg to store utfordringar; å sikre god kvalitet i tilbodet, og å skaffe tilstrekkeleg antal barnehageplassar. Det er avgjerande å behalde og rekruttere kompetent personale i åra framover. Gode, stabile og føreseielege økonomiske rammer både for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vil vere avgjerande for å kunne tilby barnehagetjenester av god kvalitet.

I Ulstein kommune er det full barnehagedekning, men få ledige plassar. Kommunen har plikt på seg å tilby barnehageplass til alle søkerar med rett til plass. For å sikre tilstrekkeleg antal barnehageplassar også i åra som kjem, vil det vere nødvendig å planlegge for etablering av ny barnehage i kommunen, primært i sentrumskrinsen. Sett i lys av at vi pr. i dag har ein kommunal og sju ikkje-kommunale barnehagar i Ulstein, vil det vere rimeleg at ny barnehage vert eigd og driven av kommunen.

Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverd og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheter og oppleve meistring og utfordring i skulen. Skulane i Ulstein har over fleire år oppnådd resultat på landsnivå i ulike faglege testar. Målingar av trivsel og læringsmiljø gir resultat noko over landsgjennomsnitt. Skulane i Ulstein har i dag generelt gode og tenlege lokale. Det er likevel slik at det ved Ulsteinvik barneskule vil vere behov for fleire klasserom/undervisningsrom truleg allereie i 2017. Ved ein eventuell auke i elevtalet i sentrumskrinsen på litt lengre sikt, vil det bli behov for meir areal.

For både barnehage og skule er det avgjerande å rekruttere og behalde kompetent personale. Kompetanseutvikling og kompetanseheving er kontinuerlege satsingsområde i sektoren. Utvikling og nytenking er nødvendig i heile opplæringsløpet, og teknologi og digitalisering vil vere sentrale satsingsområde i tida framover. Samarbeid mellom skule og næringsliv er viktig gjennom heile utdanningsløpet. Behovet for rekruttering av høgt utdanna ar-



Figuren viser andel personar med høgskule- og universitetsutdanning i befolkninga over 16 år i 2015.

Berre tre kommunar i fylket har høgre andel enn Ulstein kommune

beidskraft er ei felles utfordring for næringslivet og kommunane i regionen. Eit samarbeid om felles innsats og strategi for rekruttering og busetting av slik arbeidskraft vil vere eit viktig regionalt prosjekt for både private og offentlege aktørar. Arbeidet med utvikling av LæringsArena, der arbeidsliv, utdanningsinstitusjonar

og kommunen har inngått eit samarbeid, er eksempel på strategiske grep i denne samanhengen.

Ulstein kommune skal vere ein utviklingsorientert og endringsvillig organisasjon, og skal som arbeidsgjevar legge forholda til rette for

at tilsette kan tilegne seg kompetansen som er nødvendig for å yte tenester av god kvalitet i ei tid med høg endringstakt.

Nært samarbeid med utdanningsinstitusjonane i regionen om nødvendig og ønskjeleg utdanning/vidareutdanning, er strategiske tiltak.

# 9 Tettstad- og arealutvikling

## 9.1 MÅL

**Ulstein kommune sin langsiktige areal- og utbyggingspolitikk skal sikre berekraftig bruk av areal- og naturressursar i heile kommunen.**

**Framtidig byutvikling skal vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie.**

**Tettstaden skal vidareutviklast med fokus på nyskapning, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurranseedyktig næringsliv. I arbeidet med fortetting skal vi finne gode løysingar i kryssing mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling.**

**Planarbeidet skal legge opp til medverknad og bidra til å styrke lokaldemokratiet.**

## 9.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- legge Fredrikstaderklæringa til grunn for arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling i kommunen, der omsynet til grøntverdiar, friluftsliv og biologisk mangfald skal vektleggast
- planlegg med fokus på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum i Ulsteinvik
- vidareutvikle sjøfronten som eit aktivum
- sikre at skuleområdet vert utvikla som attraktiv møteplass
- arbeide for fortetting med gangavstand til sentrum/bypark
- legge prinsipp for berekraftig utvikling til grunn for arbeidet med tettstads- og arealutvikling
- ha eit integrert plansystem forankra i kommuneplanen. Visjoner og mål fastsett i kommuneplanen skal ivaretakast i anna planarbeid

- sørge for at universell utforming står sentralt i all planlegging, utvikling og tiltak
- arbeide for at strategiane i denne kommuneplanen vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel, og dannar grunnlaget for sektorplanar og tematiske planar
- utvikle parkeringsstrategi for sentrum

## 9.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Prinsippet om samling, fortetting og konsentrasjon i sentrum av Ulsteinvik står fast. Det å ha fokus på areal og arealbruk er viktig, spesielt i ein kommune som Ulstein der vi har knappe arealressursar. Ulsteinvik sentrum er eit lite og konsentrert område som har vore i stor endring dei siste åra med utbygging av kjøpesentra, hotell, kulturhus og bustader. Konsentrert bustadbygging i sentrumsarealet i så stor skala er ein ny trend for oss. Det vil føre til at stadig fleire har sentrum og sentrumsområdet som sitt nærområde.

Ulstein kommune er med i tettstadprogrammet. Dette går på utvikling av tettstaden i eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylke, private interesser og kommunen. Det skal utviklast eit variert sentrum der ein aktivt utformar gaterom, etablerer møteplassar, urbane sentrumstilbod og aktivitetar. Bruk av lys skal vere eit aktivt element i denne utforminga.

Ved fortetting må størsteparten skje i sentrum. I 2016 vart det utarbeidd ein rapport om strategiar og tiltak for sentrumsutvikling i Ulsteinvik som strekker seg fram mot 2046. Hovudpunktene går ut på å etablere eit kompakt og fleirfunksjonelt bysentrum, med større fokus på dei gåande og syklande. Då kan vi skape aktivitet og liv i sentrum også på kveldstid etter at butikkane er stengde. Kommunen har ei overvekt av einebustader, men med endringa med fleire




som bur åleine og fleire eldre, vil det truleg verte større behov for mindre bustader i framtida.

Detaljhandel er viktig for eit levande by- og tettstadssenter. Handelssentrum må ikkje vere for utflytande og det bør vere gangavstand mellom ytterpunkt. Sal av arealkrevande varer har vi til ei viss grad prøvd å samle i Saunesmarka, og samstundes prøvd å avgrense detaljhandelen her for å hindre spreiing av sentrum og handelsnæringa. Det må haldast fokus på «rett verksemد på rett stad» (ABC-modellen) vidare framover.

Sentrumsområdet har mange og store parkeringsflater og det er god parkeringsdekning i forhold til innbyggartal. Ved fortetting må vi regulere parkeringsbruken, og vurdere krava til parkeringsdekning både ved bustad- og næringsutbygging samt bruken av parkeringskjellar eller parkeringshus. Dette må sjåast i samanheng med tilgjengeleghet til kollektivtransport og jobbast mot for å fremje ei endring i godt etablerte vanar for bilbruk som innbyggerane i Ulstein har.

Naturmangfaldslova frå 2009 stiller særskilde krav til planlegging og saksbehandling. Bevaring av natur og kulturmiljø vil vere ein viktig faktor i arealplanlegginga. Kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk og landbruksnæringa er avhengig av å ha eit ressursgrunnlag for å ha ei aktiv drift. Det skal i kommunen sikrast ein berekraftig bruk av areal og naturressursar. Kartlegging av landbruksarealet som vart gjennomført ved sist rullering skal oppdaterast i arbeidet med arealdelen.

«Framtidig byutvikling skal vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie». Dei store kranene og verfta ein ser når ein kjem mot Ulsteinvik gir svært tydelege signal om kva slags stad dette er.



Nye næringsbygg og nye bustader fortel om ei enorm utvikling, men ikkje alltid på ein slik måte at det vitnar om historia. For å kunne vise historia, for å lage eit inspirerande mangfold av plassar og opplevingar må vi merke oss kvalitetar i det gamle og finne ut korleis vi kan ta vare på og utvikle desse.

Ein viktig del av kulturlandskapet er området «Den grøne korridoren» som omfattar delar av kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Her er eit variert kystkulturlandskap med store naturfaglege og kulturelle verdiar. På strandflata nordvest og vest for Ulstein ligg det godt til rette for jordbruk. Dei gamle jorddyrkingsområda frå den eldste perioden ligg i stor grad konsentrert på terrassar langs med sjøen. Sambandet mellom sjøbruk, jordbruk og beitebruk har vore nært knytta og pregar framleis busetnaden. Området er rikt på fornminne med ei mengd gravrøyser og fleire bautasteinar. Utvikling av desse områda må sjåast i tett samanheng med ivaretaking.

Utvikling av leikeplassar, parkar og grøntområde i sentrum er eit prioritert område. I Ulsteinvik har vi fleire grøne korridorar/stiar mellom byggefelta, mot sentrum og ut i utmarka og fjella nord for sentrum, mellom anna gjennom Holsekerdalen, til Bugardsmy-

rane og til Vikemarka. Desse er må ivaretakast ved vidare utbygging av sentrum og ved fortetting i allereie utbygde område. Nye korridorar må kome til når nye område vert utbygt. Fleir bruk og sambruk er ord som i større grad no vert tekne i bruk. Det er aktuelt å sjå på desse prinsippa i tilknyting til skule- og parkområde, samt sjøfronten.

I byrjinga av 2011 vart kommunedelplanen *Klimaplan for Ulstein 2009-2014* vedteken. Som eit ledd i arbeidet med Klimaplanen, fekk Ulstein kommune gjennomført ei grovkartlegging av enøk-potensialet i kommunal eigedom. Kommunen har truleg eit lønsamt sparepotensiale på nær 20 %. Erfaring viser at potensialet hos private og i næringslivet også er stort. I Ulstein kommune er det mykje spillvarme som er unytta. Fornybare energikjelder som varme frå omgjevnadene (med varmepumpe) solvarme og bioenergi kan utnyttast i langt større grad enn i dag. For å nytte desse fornybare energikjeldene lokalt, trengs vassborne varmeanlegg i bygg og distribusjon i form av nær- eller fjernvarmeanlegg. I 2013 vart Ulstein Fjernvarme AS starta opp, basert på sjøvatn frå fjorden. Fjernvarmeanlegget er ein viktig reiskap for å oppnå måla om redusert energibruk og auka bruk av fornybar energi. Ved planar-

beid vil kommunen oppfordre til å undersøke moglegheita for tilkopling til fjernvarmeanlegget.

Transportsektoren stod i 2006 for om lag 50 % av klimagassutslappa i Ulstein kommune, målt i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, noko som er svært mykje. Kommunen sjølv kan gjere mykje for å endre reisevanar lokalt, spesielt gjennom god areal- og transportplanlegging. Næringslivet i Ulstein inngår i eit større regionalt/nasjonalt/internasjonalt næringsliv, med handel og flyt av arbeidskraft mellom nabokommunane. Samla gir stasjonær forbrenning og prosessutslepp eit utslepp på om lag 30 % av totalutsleppet i kommunen. For å gjere ein felles innsats må kommunen ha god dialog med næringslivet. Ikkje minst gjeld dette det faktum at skipsindustrien internasjonalt har krav på seg om å utvikle/levere miljøstrategiske produkt.

Nokre prioriterte tiltak: informasjon rundt tema, innarbeiding av klima- og miljøomsyn/tiltak for nybygg, enøk-tiltak i eigen bygningsmasse, utvida avfallsfaksjonering og kjeldesortering, miljøkrav i anbods- og innkjøpsprosessar, effektivisering av kollektivtrafikknettet og samkøyring med trafikktryggingsplanen og trafikktryggingstiltak for mjuke trafikantar. Det vil vere naturleg med ei rulling av klimaplanen sin handlingsplan.

# 10 Nyskaping og digitalisering

## 10.1 MÅL

**Ulsteinsamfunnet og kommunen skal vere mellom dei fremste i landet på nyskaping gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi. Dette kan opne for knoppskyting og nyetablering i framveksande næringer og effektivisering i arbeidslivet gjennom fornying, forenkling og forbetring.**

**Vi skal utvikle nye løysingar og ta ut gevinst frå desse. Element frå "Smart Society" skal tilpassast lokal kontekst gjennom bruk av ny teknologi og delingsøkonomi.**

## 10.2 STRATEGIAR

Vi skal framover særleg satse på å

- skape opne møtestader for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder
- vere nyskapingsaktør i skjeringspunktet mellom kommunen og næringslivet
- vere ein early adaptor - tidleg adaptør på utvalde område
- identifisere og satse på heilskaplege og framtidsretta digitale løysingar i tenesteproduksjon og undervisning
- løfte velferdsteknologi til å omfatte krevande omsorgsoppgåver og frigjere tid til å vidareutvikle teknologiskulen til at elevar i Ulstein får landsleiane kompetanse og vert skaparar av ny teknologi
- designe og utvikle LæringsArena Ulstein som ein digital kunnapsressurs, ein kulturinstitusjon og ein læringsarena som spreier og deler kunnskap

- nytte digitale kart som innfallsport og analyseverktøy på tvers, med sikte på betre tilgjenge, effektivisering og kvalitetssikring av kommunale oppgåver
- utvikle det interkommunale samarbeidet i SSIKT til ein aktiv aktør i arbeidet med digitalisering og tenesteutvikling
- utarbeide og forankre ein heilskapleg innovasjonsstrategi
- få til samskaping og samproduksjon med innbyggjarane

## 10.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

*Transformasjonen til "smart" går ut over bruk av teknologi for å betre effektiviteten, og handlar om å etablere ei plattform for samarbeid som gjer lokalsamfunnet og kommunen, innbyggjarane og næringslivet i stand til å løye urbane utfordringar på ein dynamisk måte.*

Sjå figur, Smart Society på side 27.

Dette gir oss eit svært godt utgangspunkt fordi vi har erfaring frå denne form for samskaping. Det var mellom anna denne grunngjevinga som var trekt fram då kommunen fekk *Statens pris for attraktiv stad* i 2012.

Det er elles tre store trendar i samfunnet som påverkar digitaliseringa i vår tid; demografi, teknologi og haldninga.

Talet på godt vaksne innbyggjarar aukar jamnt, vi lever lengre, arbeider lengre og fleire bur åleine. Innanfor EU er 80 % av jobbane som er skapte etter 2000 fylt av kvinner, og i 2030 vil truleg 10 % av innbyggjarane i verda bu i berre 40 byar, alle med meir enn 10 million innbyggjarar. Korleis vi arbeider og lever er altså i stor endring.

Teknologi endrar grunnleggande kva vi gjer, og korleis. Vi har - også lokalt - sett utviklinga innanfor automatisering og robotisering. Elevar i grunnskulen i dag kjem til å jobbe med oppgåver om nokre år som ikkje finst no. Vi samhandlar på nye måtar og sosiale teknologiar har snudd tradisjonell kommunikasjon på hovudet, og endringane skjer raskare enn nokon gong.

Med nye oppgåver og nye behov vil haldningane til samfunn og arbeidsliv også endre seg. Det vert hevdat at 20 % av dei yrkesaktive ikkje vil vere tilsett i ei bedrift om ti år. Samstundes vil makta i kunnskapen om big data kunne skape utryggleik om privatlivet. Ein ser også at store globale selskap veks enormt raskt og at eigarskapen er på få hender. Når dei 100 rikaste i verda eig meir enn dei 3,5 mrd. fattigaste kan dette gapet skape større uro og ustabilitet.

Desse store trendane er relevant også i lokal kontekst. Ulstein som lokalsamfunn kan ta store steg inn i det grøne skiftet og inn i den havbaserte framtida ved å ta digital posisjon. Det grøne skiftet er ein langsigktig prosess. Innovasjon, teknologiutvikling og haldningsendringar er nøklar i dette arbeidet. Både tenester, arbeidsprosessar og teknologi må endrast. Dette føreset eit tydeleg leifarfokus der digitalisering vert ein integrert del av vår visjon og våre ambisjonar. Strategiane må følgjast opp med gode styringsmodellar og raskare prosess gjennom smidig samarbeid og ein endringskultur med fokus på gjennomføringskraft. Auka kompetanse er nødvendig for å identifisere behov og moglegheiter med klart fokus på gevinstrealisering.


I 2014 tok kommunen initiativ til å starte opp prosjektet Smart Society. Smart Society, eller Smart City som er eit betre kjent omgrep, har som mål å forbetre livskvalitet ved å bruke teknologi slik at tenester kan effektiviserast og møte innbyggjarane sine behov, nytte ressursar betre og redusere innverknaden på miljøet.

Vi har gjennomført eit forprosjekt og resultatet vart tre delprosjekt: Eitt prosjekt er knytt til moglegheiter ved 3D-print og annan datateknologi i skulen, eitt prosjekt er knytt til moglege bruksformer for nytt bibliotek/Arena Ulstein og det siste prosjektet er knytt til aktivering av delingsøkonomi i Ulstein. Dei to føreste prosjekta er vi komne lengst med.

Utviklingsprosjektet Teknologiskulen er igangsett, med mellom anna prosjektet LærKidaKoding (LKK) og valfag i koding. Ulstein vart pionerar då vi som første kommune i landet tok dette inn i undervisninga for alle elevar. LKK er ein frivillig bevegelse som arbeider for at barn og unge ikkje berre skal vere brukarar, men også skaparar med teknologien som verktøy.

I Arena Ulstein er det nye biblioteket meint å fylle mange funksjoner, herunder det å vere eit læringsenter som stimulerer til kunnskapsformidling og -deling på nye måtar.

I tillegg kan ideen om delingsøkonomi eller kunnskapsformidling frå bibliotek ha ei kopling til ledige butikklokale som grunnlag for ny og utradisjonell aktivitet. Kan midlertidig utelege av til dømes butikklokale legge til rette for nye fellesskap?



<https://blogg.lyse.no/2015/05/29/hva-er-en-smart-city/>

# 11 Samfunnstryggleik

## 11.1 MÅL

**Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.**

## 11.2 STRATEGI

Ulstein kommune skal

- sikre at risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) gir eit heilskapleg oversyn over risikobildet i kommunen, med omsyn til både naturgitte og menneskeskapte hendingar
- arbeide systematisk med beredskap og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanane
- sikre god implementering av beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar, samt tilfredsstillande trening av personell som har roller i beredskapsarbeidet
- ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging
- i det førebyggande arbeidet vere ein aktiv deltakar på regionale og lokale beredskapsamlingar

## 11.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

### Beredskap

Kommunen har siste åra oppdatert sine beredskapsplanar:

- Overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap
- Plan for kriseleiing m/handlingsplanar
- Plan for omsorgberedskapsgruppa
- Beredskapsplan mot akutt forureining
- Smittevernplan
- Plan for sorg og omsorgsarbeid
- Beredskapsplan NAV

Kriseleiinga er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og uforutsette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum, flodbølgjer m.m.

### Olje og brannvern

Kommunen har godkjent brannordning. Brannordninga skal til ei kvar tid vere oppdatert med grunnlag i kommunen si Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Kommunen har i dag ein brannstasjon i Ulsteinvik sentrum som dekker heile kommunen. Oljeverndepot har kommunen på sentrallageret i Saunesmarka. Alt mannskap er på deltid og kan alarmerast via radioterminalar. Kommunen har 4-delt overbefalsvakt og 4-delt vaktstyrke med 4 brannkonstablar. Det ligg føre avtale om gjensidig bistand med Herøy kommune og Hareid kommune.

### Beredskap mot akutt forureining

Med bakgrunn i forureiningslova kapittel 6 skal kommunen sørge for nødvendig beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som kan inntreffe eller medføre skadeverknader innan kommunen, og som ikkje vert dekkja av privat beredskap. Staten har ansvar for å bu seg på større tilfelle av akutt forureining som store utslepp frå skipstrafikken eller i tilfelle der kjelda er ukjend. Kommunane i Noreg har førebudd eit oljevern som er organisert gjennom 71 interkommunale område. Ulstein er med i "Det interkommunale utvalg mot akutt forureining for Sunnmøre" (IUAS) som har utarbeidd ein felles beredskapsplan med delplanar for kvar kommune.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 set krav til at kommunen skal gjennomføre ein heilskapleg ROS-analyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynlegheita for uønska hendingar som kan inntreffe i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen. Plan- og bygningslova § 4.3 slår fast at det skal gjennomførast ei ROS-analyse i samband med alle planar for utbygging. Vidare krev § 4-3 at alle område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i planen som omsynssone.

Ulstein kommune gjennomførte ved rullering av kommuneplanen i 2011 ei fullstendig ROS-analyse knytt til arealdelen i kommuneplanen. Ved fylkesmannen sitt tilsyn med den kommunale

beredskapsplikta i 2013, fekk kommunen merknad på at den heilskaplege ROS-analysen ved neste rullering må tilpassast og forankrast i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. ROS-analyse for befolkningsvarsling og evakuering i 2015 er gjennomført og vert implementert i ny overordna ROS-analyse.

Vi veit aldri når ei uønska hending rammar oss som samfunn, eller kva den uønska hendinga går ut på. Det vi kan seie med sikkerheit, er at uønska hendingar vil skje, og at Ulstein kommune/Ulsteinsamfunnet vil bli utfordra. Denne erkjenninga er ein føresetnad for godt samfunnssikkerheitsarbeid.

Formålet med heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar er å

- gi oversikt over risiko- og sårbarheitsforhold i kommunen, og korleis dei påverkar kommunen
- avdekke sårbarheit og gjensidige avhengigheter
- foreslå tiltak for korleis risiko og sårbarheit kan reduserast og handterast
- gi planleggingsgrunnlag og beslutningsstøtte i kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap

Ved utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse skal resultata leggast til grunn i det vidare arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og ved rullering av overordna beredskapsplan.



*Saunesparken – som i 2016 vart kåra til Noregs beste uterom i kassa tettstader og friområde*

# 12 Strategiar som legg føringar for arealplanen

## By- og tettstadutvikling:

- funksjonelt bymiljø som skal styrke Ulsteinvik sin posisjon som regionalt senter
- lage ein områdeplan for sentrum med fokus på fortetting, struktur, parkering, møteplassar og rekreasjon
- etablere forpliktande samarbeid om utvikling av handel og næring i Ulsteinvik sentrum
- planlegge med fokus på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum av Ulsteinvik der både handel, kontorarbeidsplassar og bustad skal finne sin plass
- vidareutvikle sjøfronten i Ulsteinvik som eit aktivum
- sikre at skuleområda i kommunen vert utvikla som attraktivt møteplass
- arbeide for fortetting med gangavstand til sentrum/bypark

## Bustad:

- legge til rette for å auke folketalet på minst 1,5 % årleg i snitt i planperioden. Areal for bustad må samsvare med denne målsettinga
- satse på mindre bueiningar i konsentrert busetnad i heile kommunen og bustadblokker i sentrum
- legge til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får hove til å bu lengst mogleg i eigen bustad eller i ein tilpassa bustad
- ha ei aktiv rolle i arbeidet med å skaffe og tilrettelegge bustader for grupper som har behov for særskilt tilrettelagde bustader, og dei som ikkje åleine vil makte å skaffe seg ein eigna bustad

## Nærings- og industriareal:

- sikre areal til nærings- og industriutvikling

## Veg, samferdsle og trafikktrygging:

- samordna samferdsleplanlegging
- utbygging av gang-, sykkel- og turvegar og tilrettelegging for ferdsel utan bruk av bil
- gjennomføre prioriterte tiltak i trafikktryggingsplanen

## Kulturminne:

- arbeide for at vår kulturarv vert ivaretaken og nyttta til å skape opplevingar for innbyggjarar og tilreisande

## Moment i planprosessar:

- aktivt arbeide for å engasjere innbyggjarar, og spesielt barn og unge, i planprosessar som vedkjem denne gruppa
- legge folkehelseperspektivet og universell utforming til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak
- legge Fredrikstaderklaringa til grunn i arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling i kommunen, der omsynet til grøntverdiar, friluftsliv og biologisk mangfold skal vektleggast
- resultatet av overordna risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) skal leggast til grunn for arbeidet med arealdelen med omsyn til både naturgitte og menneskeskapte hendingar
- ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging



Kva karakteriserer kommunar som er dyktige på innovasjon?



Slike kommunar

- inngår i *nye samarbeidskonstellasjonar*
- driv *samskaping* og samproduksjon med innbyggjarane
- endrar folkevaldrolla i retning av *"innovasjonspolitikarar"*
- får tak i *ekstra ressursar*
- brukar *ny teknologi* offensivt til å innovere tenester

- trekker inn *FoU og kompetansemiljø*
- handterer *eksperimentering og feiling*
- er opptekne av *vinstrealisering*
- "stel" med begge hender
- bygger *kapasitet* i eigen organisasjon
- har heilskapleg *innovasjonsstrategi /-plan*

Kjelde: KS

## Dine notatar

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---



## ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway

Tel.: +47 70 01 75 00

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

